



**Internt notat**

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2020/1049-9	Marius Vøllestad,	033	15.11.2020

**Til:**

**Frå:** Marius Vøllestad

**Referat frå møte i SU 11.11.2020**

Tilstade: Andre, Eva, Isabell, Julianne, Paul Willy, Katrin, Anne, Marius, Kate, Gunnhild (Ref.)

**Sak 1. Resultat frå Nasjonale prøver**

På landsbasis er ikkje resultat klare ennå. Når det gjeld skulen vår, syner det seg at resultata i engelsk på barnesteget ikkje er gode nok.

Fleire engelsktimar på barnesteget? Nytt læreverk.

Mykje bra i lesing og rekning.

- Elevane frå ungdomsskulen vil gjerne ha debattar, der elevane leiar debatten og er debattantar.
- Dei som har vore på Utøya vil fortelje til dei andre. Isabell tek kontakt med rektor for å planlegge dette. Ønskeleg å gje tilbodet neste år også.

**Sak 2. Skulen sitt utviklingsarbeid**

- Fagfornyninga
- Ulike prosjekt med lokalt forankra utvikling. Dekomp.
- Prøveår i år: Ny struktur på Teams for planlegging, mapper, årsplanar o.a. Dette vil vere bra for elevane med tanke på VGS. Neste år tenkjer ein å lære opp foreldre også.

Rektor hevdar at bøker er på veg ut, så både elevar og foreldre må lære seg å bruke digitale arenaer.

Både lærarar og elevar treng tid på å bli vane med ny digital organisering av læring. Målet er at det er på plass frå neste skuleår. Men for dei som ønskjer bøker, må det også vere mogeleg.

Ein vil kjøpe lisensar på læreverk til alle elvar. Då får ein også del i oppdateringar.

Rektor vil gjerne ha tilbakemeldingar frå foreldre og lærarar om korleis opplegget på Teams fungerer.

### **Sak 3. Skulebygningane og uteområdet på småskulen**

Rektor har informert formannskapet. Sjå på heile storskulen/ u-skulen, og ikkje bare paviljongen. Det blir sett ne ein komité for å vurdere trong for fornying og moglege løysingar. Rektor ønskjer å vere med i denne gruppa.

Rektor har bede kommunestyret om pengar til leikeapparat på småskulen.